



UKM 09/21 Fokussak UKM 2022

Ungdommens kyrkjemøte valte følgjande sak som fokussak i 2022:

Trusopplæring mot 2023

I år er det over 20 år sidan trusopplæringreforma vart greidd ut i NOU 2000:26, og starten på trusopplæring slik vi kjenner han i dag. Det har skjedd mange endringar sidan då, og derfor er det no sett ned eit utval som skal greia ut både innhald og organisering av trusopplæringa slik han er i dag. Slik prosessen er no, ligg det an til at det kan fremmast ei sak til Kyrkjemøtet 2023. Det blir ekstra viktig at stemmene til unge blir med i arbeidet med evalueringa og forslaga til revideringa, nettopp fordi mange av medlemmane i ungdomsdemokratiet har fått vera med som deltagarar på ulike trosopplæringstiltak dei siste tjue åra.

La oss si meininga vår for dei tjue neste!

